

GPS-merkeprosjekt villrein
Hardangervidda og Nordfjella
v/Norsk villreinsenter Sør - sekretariat

Dykkar ref:
Vår ref: Lena Romtveit
Stad: Skinnarbu
Dato: 11.08.17

Sjå adresseliste.

Søknad om økonomisk støtte til GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella (2017-2021) for 2017, andre halvår (oppdatert): -FERDSEL

Bakgrunn for denne søknaden, andre halvår 2017:

Den 13. januar 2017 blei det sendt søknad om deltaking og finansiering for GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella (2017-2021) for 2017 (vedlegg 1). Søknaden gjekk breitt ut til alle kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn rundt Hardangervidda, samt andre aktuelle partar som villreinutval og -nemnd, turistforeining og Statens vegvesen. Felles for alle var at søknaden i all hovudsak omhandla støtte til delprosjekt/arbeidsgruppe 3: Ferdсел. Langt ifrå alle har svara på søknaden enno og mykje er skjedd sidan januar. Nokre av dei omsøkte bidragsytarane har venta på spissa prosjektskisse for ferdселсdelen før handsaming (vedlegg 2). Den 17. juni blei det difor sendt ut ei statusoppdatering med oppdatert og spissa prosjektskisse via epost til alle omsøkte aktørar. Underteikna har justert denne med siste tal og hendingar, og oppdateringa på status samt søknad følger i teksten under:

Status per juli 2017:

Ferdселсprosjektet er godt i gang og har alt hatt ute teljarar i vinter, mellom anna langs stikkaløyper i vinterbeiteområda for reinen.

Det er sett ut teljarar og svarkasser rundt om på vidda i nært samarbeid og med hjelp av Statens naturoppsyn (SNO) og Hardangervidda Fjelloppsyn. Talet svarkasser er noko redusert (frå ca 60 til ca 40), men utplasseringa er koordinert med dei innfallsportane som alt er utpeika i Besøksstrategiarbeidet (som verneområdeforvaltninga på Hardangervidda står for), alle som ein reknar at har «stor» eller «svært stor» grad av bruk, i tillegg til utvalde kasser på stader ein går ut i frå har lågare bruk.

Det vil også bli lagt opp til å plassere nokre teljarar slik at desse kan stå gjennom heile året og også dekke opp i vintersesong. SNO ved Lars Inge Enerstvedt koordinerer dette.

Det er vidare kome innspel frå både verneområdeforvaltninga og villreinforvaltninga på Hardangervidda at det er trong for å kartlegge omfanget av nokon ferdселстypar spesielt, som kiting og hundekøyring. Dette treffer inn under prosjektets del «fokusområde» og det er no føreslege å legge opp til eiga kartlegging av dette med utgangspunkt frå dei store hovudvegane som Rv7 og E134 over Haukelifjell. Vedlagt ligg oppdatert (om enn ikkje heilt endeleg) prosjektplan for ferdселсprosjektet (under GPS-merkeprosjektet), samt døme på spørjeskjema i svarkassene (vedlegg 2).

Som ein ser av tala i budsjettet er totalkostnadane i 2017 rekna til totalt kr 973.000,- for ambisjonsnivå 1 (vedlegg 2), samt kr 200.000,- i tillegg dersom ein skal gå i gang med eit meir spissa arbeid på spesielle fokusområde også i 2017, som kiting ut ifrå hovudvegane.

Eit par av bidragsytarane har bede om oppdatering på status for finansiering.

Økonomi per juli 2017:

Per i dag er det kome fylgjande løyvingar til prosjektet:

- Fylkesmannen i Buskerud: kr 80.000,-
- Vinje kommune: kr 25.000,-
- Nore- og Uvdal: kr 25.000,-
- Tinn kommune: kr 25.000,-
- Ulvik herad: kr 25.000,-
- Odda kommune: kr 25.000,-
- Ullensvang herad: kr 25.000,-
- Regional plan/Handlingsprog.: kr 300.000,-
- Besøksstrategiprojektet: kr 100.000,- (Øymerkt til utplassering av svarkasser og teljarar)
- Besøksstrategiprojektet ved Fylkesmannen i Hordaland: kr 52.000,- (Øymerkt til utplassering av svarkasser og teljarar)

SUM pr. 26. juli 2017: kr 682.000,-

Frå fylkesmennene er det berre løyvd frå Buskerud og Hordaland (sjå oversyn over), medan Telemark måtte avslå den direkte søknaden. Dei er likevel del av løyvingane som er kome frå verneområdeforvaltninga gjennom besøksstrategiarbeidet.

Fylkeskommunane har venta på den spissa og oppdaterte prosjektskildringa for å kunne fremje innstilling til søknaden. Dei er søkt om kr 100.000,- kvar, altså totalt kr 300.000,-. Prosjektleiinga ser fram til svar på søknaden frå desse. Ein manglar elles svar frå nokre kommunar; Eidfjord, Hol og Rollag.

Det er også oppretta kontakt mot Statens vegvesen om deltaking inn i prosjektet. Både frå avdelinga med nasjonale turistveger som er i gang med eit arbeid for Rv7, og også med miljøseksjonen om ev å få til ei kartlegging av ferdsel ut ifrå hovudvegane og inn i villreinområda. Både over ferdselen generelt og for nokre ferdselstypar spesielt, som t.d. kiting.

Trass i at prosjektet ikkje på langt nær er fullfinansiera har prosjektleiinga vurdert at ein, etter dei signala som er kome frå fleire hald, mest truleg vil greie å samle nok pengar gjennom året til å få det fullfinansiert. I tillegg har me vurdert det som særskilt viktig å komme skikkelig i gang med datainnsamling no i 2017. Det er det fleire grunnar til:

- Besøksstrategiarbeidet som etter planen skal vera ferdig innan utgangen av 2017.
- Arbeidet med oppgradering av nasjonal turistveg langs Rv7 over Hardangervidda som er godt i gang.
- Planleggingsarbeidet for ny E134 over Haukelifjell som er i gang.
- Rulleringa av regional plan for Hardangervidda med tilhøyrande prosjekt gjennom handlingsprogrammet.

Ulike ambisjonsnivå og kostnader:

Då finansieringa av prosjektet ikkje var avklart ved prosjektstart i 2016, har Norsk institutt for naturforskning (NINA) lagt opp prosjektet med ulike arbeidspakker og ambisjonsnivå (sjå tabell 1 og vedlegg 2; Prosjektbeskrivelse). Det har skjedd nokre mindre justeringar i budsjettet sidan søknaden frå 13. januar 2017. Kostnadane har auka med 150 000,- på grunn av mellom anna at ein har nytta helikopter til utsetting av teljarar inne på vidda, og postar knytt til formidling og publisering.

I tabell 1 og vedlegg 2 er budsjetta lagt opp slik at ambisjonsnivå 1 på totalt kr 973.000,- for 2017 bygger på Ap1 og Ap2 (administrasjon og status ferdsel).

Ambisjonsnivå 2 i prosjektet inkluderer også Ap 3 på kr 150.000,- for 2017, som omhandlar villrein-/ferdselsanalyser, basert på GIS-analyser med fokus på terskeeffektar for villrein. Sjølve analysane blir gjennomført i 2019, men innhenting og klargjering av data blir gjort fortløpande i prosjektet, og kostnadane for dette «egne» prosjektet fordelast difor over 3 år.

Ambisjonsnivå 3 inkluderer til slutt Ap 4 på kr 200.000,- for 2017, som omhandlar spissa metodikk mot spesielt ynskte fokusområde, som t.d. vinterstudiar ved Rv7 og E134 (tabell 1 og vedlegg 2).

Totalkostnaden for 2017 med alle 3 ambisjonsnivå er med oppdaterte tal per august 2017 kr 1.323.000,-.

SNO, fjellstyre og andre vil bidra med eigeninnsats i prosjektet, særleg i forhold til feltarbeid og innsamling av data. Det er ikkje avklart kor stor andel dette vil utgjera i prosjektet, men det vil synleggjerast som direkte fråtrekk i prosjektkostnadane på dei årlege reknskapa som leverast styringsgruppa.

Tabell 1. Oppdatert budsjett for «Arbeidsgruppe 3; Ferdsl» i oppdatert prosjektbeskrivelse (vedlegg 2). «Viser forslag til arbeidspakker og ulike ambisjonsnivå for heldekkende ferdslsprosjekt Hardangervidda i perioden 2016-2019. Dette er direkte prosjektkostnader. Budsjettene forutsetter egeninnsats fra oppsyn / forvaltning. Innsats til oppsyn/forvaltning er spesifisert i de detaljerte budsjettene for arbeidspakkene.»

Arbeidspakker (AP)	Aktivitet	2016	2017	2018	2019	Sum
Ap 1. Administrasjon	Planlegge og organisere	50	50	50	50	200
	Formidling, rapportering	50	50	100	250	450
Ap 2. Status ferdsl	Ferdslstellere (hele året)	190	190	190	190	760
	Svarkasser		493			493
	Skjema via e-post			117.5	117.5	235
	Utdeling skjema		90	90	90	270
	Litteraturstudium, sammenstille sekundære data		100	100		200
Prosjektkostnad ambisjonsnivå 1		290	973	647,5	697.5	2608
AP 3. Villrein-/ferdsels analyser	GIS-analyser, terskeeffekter, unngåelse		150	150	150	450
Prosjektkostnad ambisjonsnivå 2						3058
Ap 4. Fokusområder	Tilpasset metodikk, inkl. GPS Vinterstudier Rv 7 og E134		200	200	200	600
Prosjektkostnad ambisjonsnivå 3						3658

Vidare finansieringsplan:

Denne søknaden for 2. halvår 2017, med fokus på ferdsel, følger opp søknaden frå 13. januar. Den rettar seg mot dei bidragsytarane som så langt ikkje har svara på søknaden, men i tillegg også Miljødirektoratet.

Ein har så langt berre fått svar frå 11 av totalt 21 omsøkte bidragsytarar. Det er til no løyvd kr 682.000,- av totalt budsjett for 2017 på kr 1.323.000,- for ambisjonsnivå 3 (oppdatert andre halvår), og me føreslår difor vidare finansiering som fylgjer (tabell 2 og 3):

- Omsøkte kommunar, fylkeskommunar og Turistforeininga: søknadssum som i første søknad av 13. januar 2017 (tabell 2 og 3).
- Auka kostnader (kr 150.000,-) frå 1. til 2. halvårs budsjett, samt manglande inndecking frå andre omsøkte bidragsytarar (reduerte tilsagn, manglande svar m.m.): Totalt kr 256.000,- Miljødirektoratet (tabell 2 og 3).
- Villreinnemnd, villreirutval og Statens vegvesen: Opne postar då ev. restmidlar eller prosjektmidlar frå desse ikkje er klart før mot slutten av året.

Tabell 2: Framlegg til vidare søknadssummar hjå dei bidragsytarane ein enno ikkje har fått avklaringar ifrå.

Bidragsytar:	Kr:	Kommentar:
Buskerud Fylkeskommune	100.000	
Telemark Fylkeskommune	100.000	
Hordaland Fylkeskommune	100.000	
Hardangervidda villreirutval		Restmidlar frå kvart års budsjett?
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet		Restmidlar frå kvart års budsjett?
Statens vegvesen, Miljøseksjonen		Uavklart kva beløp ein evt kan søke Miljøseksjonen om.
Eidfjord kommune	25.000	
Hol kommune	25.000	
Rollag kommune	10.000	
Den Norske Turistforening	25.000	
Miljødirektoratet	256.000	
SUM midler som manglar for å nå finansiering for ambisjonsnivå 3 i 2017:	641.000,-	

Ny, revidert finansieringsplan for 2017 blir då som fylgjer i tabell 3:

Tabell 3: Framlegg til revidert finansieringsplan samt oversyn over løyvde midlar så langt i 2017 for «Arbeidsgruppe 3; Ferdsel».

Arbeidsgruppe 3) Ferdsel			
Bidragsytar:	Finansieringsplan revidert kr:	Budsjett (løyvd) kr:	Kommentar:
Besøksstrategi Hardangervidda	100.000	100.000	Uavklart kva beløp ein kan søke dette prosjektet om før søknadsfristen i ESS går ut 15. januar.
Fylkesmannen i Buskerud	80.000	80.000	
Fylkesmannen i Hordaland	52.000	52.000 ¹	
Fylkesmannen i Telemark	0	0 ²	

¹ Midlar via Fylkesmannen i Hordaland som kjem frå besøksstrategiprojektet i regi av verneområdeforvaltinga på Hardangervidda.

² Fylkesmannen i Telemark (og fylkesmannen i Hordaland) fann ikkje rom for å tildele midlar til dette prosjektet direkte, men er med som bidragsytar gjennom løyvingane frå verneområdeforvaltinga til besøksstrategiprojektet.

Handlingsprogramma regional plan			Eigongsløyving. Midlar frå prosjekt «H7 Fritidsbruk» jf «Regionalplan Hardangervidda -statusrapport 2016. Handlingsprogram 2017-2020» s.7.
	300.000	300.000	
Buskerud Fylkeskommune	100.000		
Telemark Fylkeskommune	100.000 ³		
Hordaland Fylkeskommune	100.000		
Hardangervidda villreinutval			Restmidlar frå kvart års budsjett?
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet			Restmidlar frå kvart års budsjett?
Statens vegvesen, Miljøseksjonen			Uavklart kva beløp ein evt kan søke Miljøseksjonen om.
SNO og andre som bidreg med feltarbeid/datainnsamling			
Vinje kommune	25.000	25.000	
Odda kommune	25.000	25.000	
Ullensvang herad	25.000	25.000	
Eidfjord kommune	25.000		
Ulvik herad	25.000	25.000	
Hol kommune	25.000		
Nore- og Uvdal kommune	25.000	25.000	
Rollag kommune	10.000		
Tinn kommune	25.000	25.000	
Den Norske Turistforening	25.000		
Miljødirektoratet	256.000		
SUM 2017:	1.323.000,-	682.000,-	

Dersom ein får inn midlar frå nemnd, utval eller Statens vegvesen i løpet av 2017 vil ein avhengig av løyvingar eller avslag frå dei resterande bidragsytarane nytte desse midlane for å dekke inn manglande finansiering for gjennomføring av ambisjonsnivå 3 i 2017. Eller ta med seg eit overskot til 2018 og 2019 og spissa fokusområdearbeid relevant for bidragsytarane.

Prosjektleiinga sender denne oppdaterte søknaden til dei bidragsytarane ein til no manglar tilbakemeldingar frå, samt Miljødirektoratet. Me vonar dette også er ei nyttig informasjon til dei andre bidragsytarane og partnarane våre i prosjektet, og søknaden går difor med kopi til desse.

Med ynskje om ein god haust til dykk alle!

Med helsing



Lena Romtveit

Norsk villreinsenter Sør (sekretariat)

lena.romtveit@villrein.no

mob.: 415 15 616

³ Har gitt munnleg tilsagn om kr 100.000,- for 2017, den 11.08.17.

Adresseliste (sendt på e-post):

- Miljødirektoratet v/Erik Lund (erik.lund@miljodir.no)
- Statens vegvesen, Miljøseksjonen, v/Karianne Thøger Haaverstad, Postboks 8142 Dep 0033 Oslo, (karianne.thoger-haaverstad@vegvesen.no)
- Buskerud Fylkeskommune v/Ellen Korvald (ellen.korvald@bfk.no)
- Hordaland Fylkeskommune, v/Snorre Waage (snorre.waage@hfk.no)
- Telemark Fylkeskommune, v/Geir Sørum (geir.sorum@t-fk.no)
- Eidfjord kommune, v/Gunnar Elnan, Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord (postmottak@eidfjord.kommune.no)
- Hol kommune, Ålmannsvegen 8. 3576 Hol (postmottak@hol.kommune.no)
- Rollag kommune, 3626 Rollag (postmottak@rollag.kommune.no)
- Hardangervidda villreinutval, v/Svein Erik Lund, 3630 Rødberg (sel@nore-og-uvdal.kommune.no)
- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, v/Martine Hamnes, Sentrum 16, 3630 Rødberg (martine.hamnes@nore-og-uvdal.kommune.no)
- Den Norske Turistforening Oslo og Omegn, v/Jan Erik Reiten (jan.reiten@ntoslo.no)

Kopi sendt som e-post:

- Fylkesmannen i Telemark v/Morten Johannessen (fmtemjo@fylkesmannen.no)
- Fylkesmannen i Telemark v/Hans Bakke (fmtehb@fylkesmannen.no)
- Statens vegvesen, v/Pål Rosland (paal.rosland@vegvesen.no)
- Fylkesmannen i Buskerud, v/Even Knutsen (ek@fmbu.no)
- Fylkesmannen i Hordaland, v/Øistein Aasland (fmhooaa@fylkesmannen.no)
- Vinje kommune, v/Lasse Mathiesen (lasse.mathiesen@vinje.kommune.no)
- Tinn kommune, v/Bjørn Bjørnsen (bjorn.bjornsen@tinn.kommune.no)
- Odda kommune v/Rolf Erling Loe (Rolf.Loe@odda.kommune.no)
- Ullensvang Herad v/Rolf Erling Loe (Rolf.Loe@odda.kommune.no)
- Ulvik Herad v/Lars Pæstiin (lars.prestiin@ulvik.kommune.no)
- Nore- og Uvdal kommune, v/Svein Erik Lund (svein.erik.lund@nore-og-uvdal.kommune.no)
- Norges vassdrags- og energidirektorat, v/Jan Henning L'Abèe-Lund (lbl@nve.no)
- Norges vassdrags- og energidirektorat, v/Frode B. Johansen (fbj@nve.no)
- SNO, v/Knut Nylend (knut.nylend@miljodir.no)
- SNO, v/Petter Bråten (petter.braten@miljodir.no)
- Villreinnemnda for Nordfjella, v/Siri Bøthun (siri@sbnatur.no)
- Nordfjella villreinutval, v/Sigmund Tveitehagen (sigmund_tveitehagen@yahoo.no)